



Oktober 2015.

Joar melder om 74 mm. nedbør denne månaden.



Hjortejakt.

Over: Motiv frå Furedalen

Hjortejakta går over heile månaden. I det fine vêret og med gode beite i fjellet, heldt dyra seg lenge høgt oppe. Furedalen er ein fin og fredeleg stad, der likar hjortane seg godt Helge som var med eit jaktlag til Furedalen no i oktober, fortel at dalen var fylt av brunstbrøl frå hjort. Jaktlaget meinte der gjerne sto 20 bukkar som sende sine brøl gjennom lufta, og utan at det var opphald i 1 minutt.

Brunstbrøl frå hjortebukkar er kraftige og kan verke skremmande på nokon og kvar.

Det var lenge lite dyr å jakte på i låglandet, men då snøen kom i fjella mot slutten av månaden, trekte nokre av hjortane ned frå fjellet.

Laurdagskafè på butikken.

Det kom meir folk enn lokalet romma.

Gratis vaflar og kaffi!

Bileta:

Ingrid serverar kaffi,

Ann Irene produserar vaflar.





Haustrfest i Solrenning 4H.

Festen samla nær 50 deltakarar på laurdagskvelden.

To oppgåver utstilte: Linn: "Å vere student" og Eirik: "Baker'n".



Over: Tettpakka sal og aspirantar.



Frå venstre:> Silje som takka klubben for at dei laga til fest, rådgjevarane for god hjelp, ho helsa frå 4H og delte ut diplom, merke og plakett for fullførde oppgåver.

Eirik fekk diplom og merke, Elisabeth fekk plakett, Linn fekk diplom og plakett.

-

Det var ein fin fest med god underhaldning og med innlagde tevlingar for både små og store.

Servering av betasuppe og kaffi, med marsipan – og sjokoladecake.

Stor utlodning heldt spenninga oppe.

Nok ein fin 4H fest er avvikla!

--

Dette var siste 4H året for Linn >

Ho seier: "Det har vore kjekt å vere med i 4H, eg har hatt mange interessante oppgåver å arbeide med, men fotografering er gjerne den eg likte best,"

--



Anders har plassert ut eit nytt kunstverk.



<

Dette arbeidet er
plassert framfor
stavkyrkja.

Musikk som pensjonisthobby.

Jarle går inn i pensjoniståra sine med
sjølv laga musikk.

Han prøvde seg så vidt på trekkspel for 50 år
sidan, i mellomtida har det vore fråverande.

No var kona Ingrid og Jarle einige om at han
skulle kjøpe trekkspel.

Ingrid vart overraska over kor fin musikk han
fekk fram og ho jubla: "Han spiller jo så fint".

Og me andre som har fått høyre musikken til
Jarle er og overraska. Me kjende ikkje dette
talentet hans.

No blir stova fylt med fin musikk.

Jarle tryllar fram kjende melodiar som:

"Bestefarsvalsen" – "Når sol går ned" – "De
nære ting" – og mange fleire.



Helsing frå Grendelaget!